



Arkivnr: 2014/10498-49

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

### Rutinar for tilrettelegging av attestasjonar

#### Bakgrunn for saka:

I samband med at Hordaland fylkeskommune i frå 1.7.2007 valde Deloitte som ekstern revisor vart det laga rutinar for samhandling mellom Deloitte AS og fylkeskommunen. Desse rutinane inneheld m.a. dette punktet:

*«Deloitte vil gjera ei kartlegging av omfanget av attestasjonar på kvar avdeling. Ut frå denne kartlegginga vil det verta utarbeidd rutinar for korleis arbeidet med attestasjonar skal gjerast. Desse rutinane skal kvalitetssikrast av Økonomiavdelinga, fylkeskassen og evt. kontrollstaben før dei vert sett ut i livet.»*

#### Drøfting:

Av ulike årsaker vart ikkje slike rutinar utarbeidd i 2007. Erfaringar viser at det no kan vera trong for å utarbeide slike rutinar, både for vanlege attestasjonar og for EU-prosjekt (inkl. Lead Partner-prosjekt). På bakgrunn av dette vart det 5.12.14 halde eit møte mellom økonomiavdelinga, Deloitte og sekretariatet med føremål å starte ein prosess for å utarbeide slike rutinar.

Etter dette møtet vart det protokollert m.a. følgjande:

*«Deloitte vil utarbeide krav til dokumentasjon av attestasjonar. Vidare vil dei kartlegge korleis kvaliteten er på dei enkelte einingane i fylkeskommunen leverer i dag. Dette for å finne ut kva eining som har størst utfordringar og kva eining som har «best practice». **Frist for dette vart sett til 16.1.2015.»***

Sekretariatet har ved fleire høve etterspurd Deloitte munnleg om status, og etter det vi har fått opplyst er det enno ikkje gjort noko i saka. Vi har på bakgrunn av dette avtalt med Deloitte at dei vil orientere om saka i dette møtet.

Konklusjon:

Ut frå det som kjem fram i møtet bør kontrollutvalet diskutere seg fram til ein konklusjon. Denne konklusjonen bør uansett innehald ein frist for når Deloitte skal vera ferdig med arbeidet med desse rutinane.

**Forslag til vedtak**

Deloitte skal syta for at arbeidet med rutinar for tilrettelegging av attestasjonar skal vera ferdig innan.....

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*